



Trond Myklebust i sandtaket på Døsmland. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Sanda frå sandtaket på Døsmland vil bli overført til båt på Børnes via eit lukka system. Dette var ein av opplysningane som Gunnar Myklebust gav då han orienterte formannskapet torsdag om sand-prosjektet til han og broren Trond.

Dei har søkt om å få kjøpa eit område til utskipingsplass, men saka vart i siste formannskapsmøte utsett for utarbeiding av ei konsekvensanalyse.

Gunnar og Trond ba deretter om eit informasjonsmøte med formannskapet og det vart halde i forkant av det ordinære møtet torsdag hos Eide Marine Services i Høylandsbygd.

Gunnar varsla auka lobbyverksemd mot politikarane framover, mellom anna ein informasjonstur til Etne der dei har levd med eit sandtak i mange år. Det ligg nesten midt i bygda og all transport skjer gjennom sentrum uten at den er til plage. Tidlegare ordførar Amund Enge hadde forsikra Gunnar om det. Og i Etne produserer dei 400.000 tonn i året – det er fire gonger så mykje som berekna årsproduksjon i Uskedalen.

Gunnar Myklebust opplyste at vegen fram til utskipingsstaden på Børnes vil ta av frå den noverande Børnesvegen like nedanfor krysset med riksvegen og gå på ryggen fram mot fjorden. Det vil bli truleg bli satsa på eit tett siloanlegg for sanda, som så blir overført til båt via eit lukka transportband og ein fleksibel slange. På det viset slepp ein støvplage.

Med utgangspunkt i den omfattande støy- og støvplaga frå Norstone-anlegget i Omvikdalen gjorde Myklebust det klart at det ikkje skal knusast fjell på Døsmland.

- Vi har respekt for naboane og i tillegg er det dårleg butikk å driva med knusing, sa han.

Grunnen til at brørne ønskjer å byggja ut anlegget på Børnes allereie no er at det skal stå klart til uttaket kjem i gang oppe i dalen. Nærleiken til Hjørnevågs fiskematproduksjon har vore eit ømt punkt, men Gunnar ønskjer ikkje å gå nærare inn på dette no då dei er inne i ein dialog med bedrifta og trur på ei god løysing for begge partar.

Kvifor skal ein så produsera sand i Uskedalen? Myklebust peika på at det er viktig med lokal tilgang på ein så viktig ressurs og i så måte har dei vore heldige både i Omvikdalen og Uskedalen. Sanda blir rimelegare enn om

ein skal henta ho ein annan stad og det minkar på slike ressursar i Europa. Kvart år nyttar kvar innbyggjar i Noreg ni tonn sand, opplyste Myklebust.

Når det gjeld transporten ned gjennom dalen opplyste han at det truleg blir aktuelt å transportera 19 lass om dagen og då med 24 tonn pr. lass. Utgangspunktet for dette reknestykket ei lasslengde på 12,4 meter. Hvis denne ved bygging av møteplassar kan utvidast til 19 blir talet på lass redusert til 13 om dagen.

Jan Egil Apeland i Dimmelsvik har jobba 14 år i sandtaket der og han har kome med ei uttale som konkluderar slik:

- Så lenge det ikkje blir knust stein i produksjonsanlegg og massane blir lagra under tak slik at vinden ikkje får blåsa på lagerhaugane så vil dette lageret ikkje støva. Blir lastetryte og lasteanlegg innkledd og det blir monterte slange på utlastaren, så vil dette ikkje medføre støvbelastning for naboar til anlegget.

Av Ola Matti Mathisen



Gunnar Myklebust orienterer formannskapet i Høylandsbygd. (Foto: Ola Matti Mathisen)